



Røysterett for alle - no også med Shakespeare

Om vel ein måned set Røysterett for alle kursen mot Amsterdam men før det skal det populære koret opptre med heile verda som scene! Det er eit krevjande program inspirert av 2 tidlegare prosjekt og Clive Anderson er produsent. Dei andre som er med i dette samarbeidstitaket er Husnes blandakor. Kamerskoret, danselevar frå Kvinnherad kulturskule, Nattergalen, Vaksenopplæringa i Kvinnherad, Kvinnherad ungdomssenter, Myrane barnehage og vokalistane Jeanne Børretzen og Frøydis Sjo. Framføringa skjer laurdag i Kulturhuset på Husnes og temaet er livets sirkel slik han er presentert i ein monolog av Shakespeare. Verda vert presentert som ein scene der alle har sine rollar.

Livets sirkel er delt i 7delar og framsyninga feirer denne sirkelen gjennom en vev av musikk, dans og teater presentert av menneske i lokalmiljøet, i alle aldrar og med ulik bakgrunn.

William Shakespeare seier det slik:

**All verden er en scene
 hvor menn og kvinner kun er små aktører
 som kommer og som går. En enkelt mann
 må spille mange roller i sitt liv.
 Syv akter må han gjennomgå, Først barnet
 som skriker, sikler i sin ammes armer.
 Så skolegutten, sutrende, med veske
 og morgenvasket fjes, idet han kryper
 mot skolen, sneglesakte. Så en elsker
 som sukker lik en smelteovn og dikter
 sin kvinnes øyenbryn. Så en soldat
 med barske eder, skjegg som leoparden.
 dypt æressyk og alltid kranglevoren,
 på klappjakt etter ærens sopebobler
 selv i kanonens munning. Så en dommer
 med trillrund mave, foret med kapuner
 med bistre blick og skjegget verdig skåret,
 propp fukll av vise ord og nye regler.
 Slik er hans rolle. Og i sjette alder
 blir han den magre, tøffelskodd klovn
 med pung i beltet og bebrillet nese
 den verden som hans ungdom gjennomvandret
 er blitt for vid for visne ben. hans sterke
 og dype stemme får et barns diskant
 som piper spinkelt. Og så siste scene
 som ender dette rare, rike drama.
 Den annen barndom og totale glemsel
 helt uten tenner, øyne, smak - og alt**

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen